

ÅRSMELDING for Lindås sogelag 2013

Styret i Lindås sogelag i 2013 har vore slik:

Leiar Jan B.Thorsheim

Nestleiar Konrad Ulvatn

Kasserar Reidar Furelid

Styremedlem Trygve Pletten

Skrivar Eli Fjelde Vikan

Varafolk Jon Arne Hopsdal og Arvid Hagesether

Båtgruppa i laget består av Magnar Bergås og Jarle Bergås.

Montergruppa: Trygve Pletten, Laila N.Hodneland og Eli Fjelde Vikan.

Rekneskap: Reidar Furelid

Revisor: Helge Kvingedal

Driftsstyret for Strilamuseet:

Museumsdirektør Johannes Rydland

Medlemer: Marit Konglevoll og Reidunn Eikanger Kvalø

Varafolk: Audun Kvamme og Trygve Pletten

Ansvarleg for våpensamlinga i laget: Trygve Pletten

Kontaktperson mellom huseigar til Strilamuseet, Lindås kommune som leigetakar og Lindås sogelag har vore Johannes Rydland fram til utgangen av 2013, då flyttinga var ferdig.

Stiftinga Håkonshaugen: Representant frå sogelaget er Svanhild Tofting.

Representant frå Nordhordland til Nord- og Midthordland sogelag er Einar

Borgund frå Radøy.

Varamann er Svanhild Tofting frå Lindås.

Registreringsgruppa i Lindås sogelag har vore styret i laget, samt Knut Geelmuyden.

Redaksjonsnemnd for Mimra 2013 har vore slik:

Redaktør Eli FjeldeVikan

Medlemer: Konrad Ulvatn, Ingeborg Askeland, Anders Veland og Mailin B.

Hatten.

Heidersmedlemer i Lindås sogelag var i 2013 følgjande:

2

Eva Urdal, Vikanes, Lars N. Eide, Ostereidet til sin død i desember 2013, Jan B. Thorsheim, Seim og Knut Geelmuyden, Hjelmås.

Lagspengane er framleis uendra. Kr. 200- for einskildpersonar og kr.250,- for ektepar/sambuande.

STRIDT ARBEIDSÅR I LAGET

Arbeidsåret 2013 har vore eit travelt år både når det gjeld møteverksemd og praktisk arbeid!

Dette skuldast i stor grad flyttinga frå Strilamuseet til den nedlagde barneskulen på Festo, og i Knarvik.

Kor mange dugnadstimar som er gjort her finn me vel ikkje svar på...!

Sogelaget henstilte til kommunen om å få utvida arealet vårt i kjellaren i

Knarvik, men det tok fleire møte og mykje snakk før me fekk til ei ordning om dette.

Desse kvadratmetrane er no oppfylte med solide stålreolar, der gjenstandar vart plasserte i hyller etter som dei vart ferdigpakka på Seim.

Seinare må dei setjast på plass etter kvar dei høyrer heime etter registrering med tema, kva namn dei har, opphavet osv. Dette vil ta lang tid!

Leiar for dette tiltaket har vore Knut Geelmuyden. Dugnadsånden i laget og blant fleire friviljuge har vore svært stor. Det var ei tid me lurte på om me vart ferdige på Seim til oppseiingstida gjekk ut! Takk vera dei mange som stilte opp, gjekk det bra til sist.

Til dei største og tyngste taka leigde me inn profesjonelle flyttebyrå. Likeeins fekk me fagfolk til å setja oppatt dei nye reolane og dei me hadde frå før. Det måtte og kjøpast inn ein del nytt utstyr for lagring av gjenstandar både i Knarvik og på Festo.

Me kan røpa at humøret gjekk opp og ned i flytteperioden. Midlar til flytting søkte me om hjå kommunen, og noko hadde laget sjølv. Men venting på svar tok på, og me hadde kjensler om at her gjekk me og gjorde mykje av det arbeidet som burde lagt på kommunen. Då er det tungt å arbeida!

NYE MUSEUMSPLANAR PÅ SEIM

Styret har drøfta planar om å få til eit Strilamuseum lokalisert til området ved Håkonshaugen på Seim. Sogelaget har oppnemnd ei arbeidsgruppe som skal arbeida med denne saka.

Desse er med i gruppa:

Jan B. Thorsheim

Einar Vatne

Olav Kåre Vatnøy

Johannes Rydland

Terje Hopland (grunneigar)

Knut Willie Jakobsen (arkitekt)

Grunneigar er svært positiv til prosjektet. Arkitekten har teikna eit framlegg til planløyising, og det er trykt opp ei brosjyre som fortel kva visjonar sogelaget har for eit Strilamuseum ved Håkonshaugen.

No gjeld det å få planane gjennom i dei rette instansar. Det har vore møte med Lindås kommune om saka, og me har hatt orientering i Levekårsutvalet.

I samband med Mimrasleppet i haust (2013), vart det orientert om museumsplanane både til pressa og dei frammøtte.

Styret i sogelaget har vedteke å bruka pengar på ein reguleringsplan for området om det skulle bli behov for det.

På "Innspelmøtet" som fylket arrangerte på Lindås i samband med ny regional kulturplan, fortalde me om planane våre og bad om å få Strilamuseet inn i denne planen. Dette er ei sak som arbeidsgruppa no arbeidar med.

Det hastar å få arbeidet i gang, då me ikkje lenger har eit museumstilbod å visa til på våre kantar. Eit anna poeng er at me med desse planane kan taka vare på både middelalderkulturen vår og den frå nyare tider. Dette kan vera med å trekkja folk til staden.

MØTEVERKSEMD I 2013

Sogelaget har hatt 7 styremøte gjennom året. Omframpt desse har der vore mange arbeidsmøte i høve flyttinga. Arbeidsmøta vert ikkje refererte, då dette gjeld planlegging, huskesetlar vedrørande arbeidet osv.

Til arbeidsmøta har der møtt styremedlemar, repr. frå Strilamuseet og somme tider andre spesielt innbedne til naudsynte drøftingar. Ein del ekspertar har og vore innkalla når me måtte ha faglege uttaler.

Sogelaget har dessutan hatt ein del møte med Lindås kommune. Desse har vore kring flytteprosessen, m.a. å finna ein ny stad for gjenstandane våre, og ønske om ein permanent stad for eit museum i Nordhordland, slik at me framleis kan taka vare på og syna fram den spesielle strilakulturen som me skal vera stolte av!

Lindås sogelag møtte og med samtlege styremedlemar då Hordaland Fylke og Regionrådet for Nordhordland hadde møte i vår kommune den 17.september 2013. Dei held på med å utarbeida Regional kulturplan for 2014- 2024, og stilte spørsmålet om kva Nordhordland vil? Aktørar innanfor idrett-, friluftsliv, bibliotek, arkiv, museum, kulturminnevern, og kunst-og kulturformidling, politikarar og andre kunne koma med innspel i møtet. For oss i sogelaget kjentes det viktig å høyra kva dei ville formidla, og at dei ville lytta til dei lokale sine meiningar kring ting som opptek oss. M.a.korleis ein kan taka vare på kulturen i Nordhordland.

Utgangspunktet for møtet var å orientera Kulturutvalet om dette før det kjem til vidare prosess med Regionrådet.

Styret i Lindås sogelag var alle aktive med innspel når det kom til uttale om saker i frå salen. Viktigast for oss var bodet om å taka vare på Strilakulturen og røtene våre!

Arbeidet med vidare konsolidering mellom Lindås sogelag og Museumssenteret i Salhus går vidare med Knut Geelmuyden som vår representant.

ANNA ARBEID I LAGET

Strilamuseet

Strilamuseet har arbeidd godt på sine område også i 2013. Som vanleg legg styret fram for Årsmøtet både sine resultat med orientering, samt rekneskap for seg.

MIMRA

Mimra fekk etter ei tid ein del godt stoff til å fylla boka med i fjor. I byrjinga såg det litt smått ut, men med god hjelp frå fleire, vart boka til slutt både velfyllt og bra. Redaksjonen takkar alle bidragsytarane for stor interesse og hjelp med å gi oss godt stoff! Det er jo alle de som ER boka og gjer den interessant for oss andre! Det har kome ein del kommentarar frå lesarar, som og gjev skriftnemnda ros for utvalet. Somme har og peika på at utsjånaden har mykje å seia for denne slags bøker. Fleire har gitt uttrykk for at omslaget tydeleg seier frå om at dette er i tråd med innhaldet— frå vår eigen, kjende kultur.

Slike kommentarar frå lesarane synest me er nyttige å merka seg. Me har og merka oss at salet av Mimra ved årsskiftet var 689 eksemplar, og at bokhandelen i Knarvik stadig ber om påfyll til hyllene!

Boka kan ein og kjøpa hjå Rema 1000 på Ostereidet, på butikken på Hjelmås, i Lindås senter, på Biblioteket i Knarvik og hjå redaktøren, Eli Fjelde Vikan på Vikanes. Til slutt: Mimra fyller 10 år til hausten! Tekstar og billedmateriell er framleis velkomen! Kva med 1914 -2014? Og kjenner de nokon som har opplysningar liggjande frå tida kring 1814, så er me takksame om de kan laga noko og senda til redaksjonen.

MONTEREN I KNARVIK

I 2013 hadde sogelaget, ved monterkomiteen, laga til ei utstilling som kort synte korleis skulesystemet her i Nordhordland utvikla seg til fram mot 1900-talet. Som "lærebok" hadde gruppa stor nytte av Skulesoga for Lindås, der m.a. Asbjørn Åsgard gjorde eit stort feltarbeide som hovudforfattar. Bildemateriell fann me stort sett hjå sogelaget sjølv og i heimane våre.

Ein artig episode: Då me heldt på å rigga utstillinga, kom nokre ungdomar framom og lurte på kva me dreiv med. Kva skal de visa her? Svaret var at dette var eit kort utdrag frå vår eiga skulesoge frå skulen vart innført i Nordhordland. Etter å ha lese nokre av tekstane som var komne på veggen, utbraut ei av jentene: Har der verkeleg vore skule så lenge hjå oss? Jenta sa at ho gjekk i

5

Styret i Lindås sogelag var alle aktive med innspel når det kom til uttale om saker i frå salen. Viktigast for oss var bodet om å taka vare på Strilakulturen og røtene våre!

Arbeidet med vidare konsolidering mellom Lindås sogelag og Museumssenteret i Salhus går vidare med Knut Geelmuyden som vår representant.

ANNA ARBEID I LAGET

Strilamuseet

Strilamuseet har arbeidd godt på sine omåde også i 2013. Som vanleg legg styret fram for Årsmøtet både sine resultat med orientering, samt rekneskap for seg.

MIMRA

Mimra fekk etter ei tid ein del godt stoff til å fylla boka med i fjor. I byrjinga såg det litt smått ut, men med god hjelp frå fleire, vart boka til slutt både velfyllt og bra. Redaksjonen takkar alle bidragsytarane for stor interesse og hjelp med å gi oss godt stoff! Det er jo alle de som ER boka og gjer den interessant for oss andre! Det har kome ein del kommentarar frå lesarar, som og gjev skriftnemnda ros for utvalet. Somme har og peika på at utsjånaden har mykje å seia for denne slags bøker. Fleire har gitt uttrykk for at omslaget tydeleg seier frå om at dette er i tråd med innhaldet— frå vår eigen, kjende kultur.

Slike kommentarar frå lesarane synest me er nyttige å merka seg. Me har og merka oss at salet av Mimra ved årsskiftet var 689 eksemplar, og at bokhandelen i Knarvik stadig ber om påfyll til hyllene!

Boka kan ein og kjøpa hjå Rema 1000 på Ostereidet, på butikken på Hjelmås, i Lindås senter, på Biblioteket i Knarvik og hjå redaktøren, Eli Fjelde Vikan på Vikanes. Til slutt: Mimra fyller 10 år til hausten! Tekstar og billedmateriell er framleis velkomen! Kva med 1914 -2014? Og kjenner de nokon som har opplysningar liggjande frå tida kring 1814, så er me takksame om de kan laga noko og senda til redaksjonen.

MONTEREN I KNARVIK

I 2013 hadde sogelaget, ved monterkomiteen, laga til ei utstilling som kort synte korleis skulesystemet her i Nordhordland utvikla seg til fram mot 1900-talet. Som "lærebok" hadde gruppa stor nytte av Skulesoga for Lindås, der m.a. Asbjørn Åsgard gjorde eit stort feltarbeide som hovudforfattar. Bildemateriell fann me stort sett hjå sogelaget sjølv og i heimane våre. Ein artig episode: Då me heldt på å rigga utstillinga, kom nokre ungdomar framom og lurte på kva me dreiv med. Kva skal de visa her? Svaret var at dette var eit kort utdrag frå vår eiga skulesoge frå skulen vart innført i Nordhordland. Etter å ha lese nokre av tekstane som var komne på veggen, utbraut ei av jentene: Har der verkeleg vore skule så lenge hjå oss? Jenta sa at ho gjekk i

ungdomsskulen, og dei hadde aldri hatt eit slikt tema kring skulesoga! Me veit jo ingenting om opphavet!

-Noko å tenkja på for skular og lærarar i vår tid?

Denne utstillinga stod lenge, mykje grunna flytteprossessen vår. Men då det lei mot jul, var det klart at sogelaget måtte finna motiv for ei juleutstilling.

Den tida monterer har eksistert har der kvart år vore ny utstilling til jul.

Dette året gjekk me heim i løa til nissefamilien for å sjå om det vart graut på dei.

Og til tonar frå englane i taket, kom eit lite menneskebarn for å gje fuglane nek, og kikka etter nissen.

Gåver til laget. Siste året kom der og ein del gåver til sogelaget frå folk i bygdene våre. Me takkar kvar einskild gjevar for at de tenkjer på oss!

REKNESKAPEN FOR SOGELAGET

Rekneskapen vert som vanleg gjort greie for ved kasserar Reidar Furelid.

Eli Fjelde Vikan, skrivar
Vikanes 22.februar 2014.

Jan B. Thorsheim
Konrad Ulvatn
Trygve Pletten
Reidar Furelid